

Å formidle bibeltekster gjennom teikning

Av Hans Johan Sagrusten

Kva hender når ei bibeltekst blir teikna? Kva skjer når born og vaksne ser bibelteksta ta form framfor augo sine medan ho blir fortald? Eg har i 20 år teikna bibelhistorier som ein del av forkynninga, og artikkelen tek for seg nokre problemstillingar som er knytte til denne praksisen. Eg tek opp gevinstar ved å gje teksta eit visuelt og levande uttrykk og la ho bli noko som skjer der og då, når teikninga tek form framfor auga på tilhøyrarane. Eg ser også på moglege farar ved praksisen, som å binde tolkinga av bibelteksta eller å lukke forteljinga, og går inn på spørsmålet om det er i orden å teikne Jesus.

HANS JOHAN SAGRUSTEN, prest, bibelomsetjar, forfattar og foredragshaldar. E-post: hjs@bibel.no

BAKGRUNN

I 1998 kom eg som nyutdanna prest til Nore prestegjeld øvst i Numedal, og det var forventat at eg skulle ta meg særleg av kontakta med skulane og barnehagane i kommunen. Så i adventstida 1998 drog eg rundt til skular og barnehagar. Det var denne hausten eg byrja å teikne bibelhistorier. Eg hadde med meg ein rull med teiknepapir og teipa opp eit stort ark på eit bord som eg sette på høgkant. Så teikna eg juleevangeliet, samtidig som eg fortalde det. Eg teikna med svart tusj og brukte feittfargar til å fargeleggje med. Barnehageborna sat på golvet og følgde med medan eg teikna. Responsen var overveldande. Både borna og dei vaksne likte denne måten å formidle juleforteljingane på.

Den neste hausten gjekk eg over til eit nytt format og brukte overhead under gudstenestene for både barne- og ungdomsskulane. Valet av overhead til salmane var gjort av soknepresten, for å unngå armadaen av papirfly som susa kring øyro når tida vart lang. Men eg byrja å bruke overhead også under preika. No gjekk eg over til å teikne mest i svart-kvitt, og med ein enklare strek. Også under skulegudstenestene opplevde eg at bruken av teikning fungerte godt. Det kjendest som om alle i kyrkja følgde med på preika.

Sidan har eg brukt teikningar under møte og gudstenester i mange samanhengar. For fire-fem år sidan gjorde eg eit nytt teknologisk sprang: Eg gjekk over frå overhead til projektor. Eg brukar no eit webkamera som viser teikninga på storskjerm. Eg er dermed friare til å stå der eg vil, og treng ikkje lenger å dra med meg ein overhead inn i altarringen, for eksempel, for å treffe lerretet på veggen.

Mange born og vaksne seier at det er lett å følgje med, at det er spennande å sjå kva eg teiknar, og at dei opplever bibelteksta på ein ny måte.

KVA GJER EG?

Teikneandaktene brukar å vara i mellom femten og tjuе minutt. Eg har ein såkalla mygg eller ein hovudmikrofon på meg, slik at eg kan røre meg fritt, og eg vekslar mellom å teikne og å vende meg mot forsamlinga. Eg held den munnlege formidlinga i gang også medan eg teiknar. Men av og til er eg stille medan eg teiknar ein detalj – anten fordi eg treng å konsentrere meg om ein krevjande del av teikninga, eller fordi eg vil halde spenninga oppe: Kva er det eg teiknar no? Dette at forsamlinga ikkje veit kva teikninga skal bli, er kanskje det mest engasjerande med denne forma for kommunikasjon. Alt hender «live», utan manus, og det er ikkje innspela på førehand. Dette skaper ei spenning som får folk til å følgje med: Dei undrast på kva teikninga skal bli til, om eg klarar å teikne det eg prøvar på, og kva poenget med teikninga er.

Det er viktig å teikne enkelt, med så få og klåre strekar som mogleg. Min eigen bakgrunn frå teikneserieproduksjon er difor nyttig når eg teiknar bibeltekster. Det er viktig å ha øvd på det ein skal teikne, slik at ein ikkje blir ståande lenge og streve med ein detalj. Rasjonalisering med både tusj og tid er ein sentral del av denne måtenH å formidle på.

På den andre sida er det sjølv sagt mogleg å gjera det heilt motsett. Eg trur mange ville la seg fascinere av detaljerte og avanserte teikningar som blir til litt etter kvart. Men i min eigen praksis er det dei raske og enkle teikningane som har vore hovudregelen.

KVA FOR BIBELTEKSTER?

Den fyrste tida i Nore teikna eg oftast juleevangeliet og påskebodskapen, sidan det gjerne var til høgtidene presten vart invitert til skular og barnehagar. Sidan har eg teikna mange ulike tekster frå dei fire evangelia. Blant anna underforteljingar, som teksta om då Jesus stilte stormen (Mark 4,35–41). Det viktige var å finne forteljingar som kunne uttrykkjast i ei eller to teikningar, gjerne med ein kontrast mellom eit før og eit etter. For eksempel kunne eg fyrst teikne den opprørte sjøen til venstre for båten med Jesus og disiplane, før eg så gjekk vidare og teikna blikstille sjø til høgre, etter at Jesus har reist seg i båten.

I dei seinare åra har eg teikna eit anna utval av tekster. I dag brukar eg mest desse tekstene: Jesu ord frå Bergpreika om fuglane under himmelen og liljene på marka (Matt 6,25–34), likningane om den hardhjarta tenaren (Matt 18,21–35), arbeidarane i vingarden (Matt 20,1–16), dei fire slag jordsmon (Luk 8,4–15), sauen som vart funnen att (Luk 15,4–7) og sonen som kom heim att til faren (Lukas 15,11–32).

Kva har desse tekstene til felles? Jo, alle er likningar som Jesus fortalde. Eg har altså gått frå å teikne historier der Jesus er sentrum i forteljinga, til å teikne historier som Jesus fortalde. Med andre ord: Eg har gått frå å teikne Jesus til å teikne personar som Jesus dikta opp. Kvifor det?

KVIFOR TEIKNAR EG?

Før eg går vidare med dette spørsmålet, er det eit anna spørsmål som må stillast: Kvifor skal ein i det heile formidle bibeltekster med teikningar? For min eigen del er svaret samansett. Ein del av svaret er sjølv sagt at eg har vore ein habil teiknar heilt frå barndomen. Difor fall det naturleg for meg å prøve ut denne måten å formidle bibelhistorier på. Generelt kan ein seia om kristen forkynning at fleire burde gjera ting dei er gode til, i staden for ting dei ikkje er gode til. Men etter kvart som eg prøvde meg fram med teikning, opplevde eg at denne måten å kommunisere på fungerte svært godt. For det fyrste sat både born og konfirmantar roleg når eg teikna. Sjølv i ein sal med tre hundre menneske kan du høyre ei knappenål falle når det blir teikna på storskjerm. Dette er i seg sjølv eit svært godt utgangspunkt for all formidling.

For det andre oppdaga eg at den stilla som teikninga gav, skapte rom for det eg ville seia. For når ein har merksemda til alle i salen, vil dei også høyre ekstra nøye på det ein har å seia. Eg oppdaga at det gjekk an å kommunisere på to plan samtidig og prate til både born og vaksne. Når borna har teikninga å sjå på, og eg samtidig fortel sjølv bibelhistoria medan eg teiknar, går det også an å smette inn ei setning her og der som mest er til dei vaksne.

For det tredje opplever eg, underleg nok, at eg sjølv kjem mindre i fokus når eg teiknar enn når eg berre brukar stemme og faktar. Ein skulle tru det var omvendt, at mine eigne teiknekunstar kjem i fokus. Men når alle følgjer med på teikninga på skjermen, har eg ei klår oppleving av at sjølv bibelteksta får eit tydelegare fokus enn når eg må stå og søkje blikkontakt med folk.

Solveig Østrem har skriva ein artikkel om korleis «det tredje» kan brukast innan trusopplæringa (Østrem 2007). Når born og vaksne er saman om noko tredje – ein aktivitet, ei sak, eit objekt – blir det rom for ein gjensidig kontakt som er vanskeleg å få til i formidlinga elles. Dette «tredje leddet» vil i mitt tilfelle vera teikningane på storskjermen. Det handlar i utgangspunktet om noko veldig enkelt. Østrem brukar eksempelet med pipereinsarar som dei nytta i eit formingsprosjekt i ein barnehage, og skriv desse herlege setningane:

«Hvis en piperenser kan være et viktig tredje ledd i barnehagens pedagogiske praksis, bør de sosiale aktivitetene kunne være et tredje ledd i kirken. Hva er i veien med å bygge trosopplæringen omkring tilsynelatende mindre viktige ting?» (Østrem 2007: 156)

Slike «mindre viktige ting» kan altså vera tusj og papir. Men det er samtidig viktig at den som formidlar, er tydeleg til stades, skriv Østrem. Der er ein føresetnad for møtet mellom vaksne og born at dei vaksne òg «trer fram som subjekter.» (Østrem 2007: 157) Nettopp dette prøver eg å gjera ved å stå fram og teikne med min eigen, personlege strek.

Samtidig må borna vera meir enn tilskodarar. Dei må få «innta en posisjon

som aktive deltakere i et kommunikativt fellesskap», skriv Østrem. (Østrem 2007: 145) Difor er det viktig med likeverd i situasjonen. Ho åtvarar mot å bruke «det tredje» berre som eit instrument for å etablere ein relasjon. Dette poenget kjenner eg godt frå mi eiga uro: Brukar eg teikninga berre som eit billeg triks for å få borna til å sitja stille, eller klarer eg å formidle noko viktig?

Teikningane må få «reell verdi ut fra begge perspektiv», skriv Østrem. Difor er det viktig at borna òg får vera med og bestemme over «det tredje». Eg prøver difor av og til å la borna vera med og bestemme korleis teikninga skal sjå ut: «Kva farge skal Maria ha på kjolen sin?» eller «Skal Josef ha skjegg?» er typiske spørsmål eg kan stille medan eg teiknar.

Andre spørsmål kan vera meir avgjerande for korleis forteljinga utviklar seg: «Korleis trur de faren tek imot sonen når han kjem heim?» Å be dei om forslag til kva personane i forteljinga skal gjera, er med på å gje borna ei aktivt medverkande rolle. Dette er ei side ved teikneandaktene som eg har lagt for lite vekt på så langt, og som eg vil prøve å utvikle framover.

FORDELAR MED Å TEIKNE

Etter mitt skjønn finst det mange fordelar med å teikne ei bibelforteljing samtidig som ein fortel, eller på annan måte gje teksta eit synleg uttrykk under formidlinga. Det eine har eg allereie vore inne på ovanfor: Eg ser det som ei stor vinning at tilhøyrarane opplever forteljinga «live». Det blir noko spontant over framstillinga når teikninga veks fram på skjermen. Tilhøyrarane veit ikkje kva strekane skal bli til, men opplever spenninga undervegs i forteljinga. Dette er noko heilt spesielt i dag, då så mykje finst innspela på videoar på internett. Bibelteksta blir noko som skjer her og no, framfor auga på tilhøyrarane.

Eg trur dette også handlar om at noko står på spel i situasjonen. Det er ein innebygd risiko i det å måtte laga ei teikning der og då. Det skapar ei positiv spenning i formidlinga. I staden for å halde meg til det trygge gjev eg meg ut på djupt vatn. Tilhøyrarane skjønner det, og følgjer med.

Eg opplever og at denne måten å formidle på svarar på ei utfordring som vi står overfor no i vår tid: Vi skal ikkje lenger fyrst og fremst tolke bibeltekstene for folk, men rett og slett gje dei del i desse forteljingane – som dei ofte ikkje har høyrte. Ein ven av meg som er leiar for ei KRIK-gruppe med 11–14-åringar, fortalde i fjor bibelhistoria om sonen som kom heim att til faren (Luk 15,11–32) for femten av desse ungdomane. Etterpå spurde han kor mange av dei som hadde høyrte forteljinga før. Ingen hadde høyrte henne før. Det har difor ein stor eigenverdi å fortelja bibeltekster. Når ein formidlar med bruk av både visuelle og auditive middel, aukar dessutan sjansane for at dei som er til stades, får innhaldet med seg og hugsar det.

UTFORDRANDE SIDER

Lat oss gå attende til spørsmålet kvifor eg har gått over til å teikne likningar som Jesus fortalde, i staden for historier der han sjølv er ein av aktørane. Grunnen er at eg har fått ei stadig sterkare kjensle av at det lett kan gå gale. For å seia det enkelt: Det skal så lite til, når ein står og teiknar med tusj framfor mange menneske, at Jesus blir sjåande litt rar ut – eller litt sur, litt sint, eller beint fram tåpeleg. Sjølv om eg øver på korleis han skal teiknast, er det noko med respekten for Jesus som har fått meg til å slutte å teikne han på direkten.

Tankane går lett til biletforbodet i Det gamle testamentet (2 Mos 20,4–6) som seier at ein ikkje skal laga seg gudebilete. Er det eigentleg dette som lurar i bakgrunnen, når eg har gått bort frå å teikne Jesus? Er kjenslene mine eit prov på at det er noko i dette gamle forbodet? Det er ei kjensle av at eg uansett ville gjera han mindre ved å teikne han – at den illustrasjonen eg kunne skape på skjermen, uansett ville vera dårlegare enn det indre biletet som folk i salen har av han.

Kritikken mot å teikne Jesus råkar i så fall ikkje berre meg sjølv, som teiknar bibelhistorier på storskjerm. I grunnen råkar han heile praksisen med å lage filmar om Jesus, barnebøker om Jesus og biblar der Jesus er framstilt i illustrasjonar og bilete. For vil ikkje alle framstillingar berre avgrense han, gjera han mindre og forstyrre det indre biletet som kvar enkelt har av han? Og vil ikkje forteljaren berre tvinge sine egne indre bilete på tilhøyrarane?

ØPNE OG LUKKA BIBELFOTTELJINGAR

Sverre Dag Mogstad gjekk i boka «Fag og forteljing» inn på spørsmålet om korleis ei forteljing kan vera open eller lukka. Han peika på at forteljaren lett kan lukke og avgrense ei forteljing med sine egne kommentarar av forklarande eller moraliserande art:

«Foruten at slike innskudd forstyrrer og bryter fortellingens åpne karakter, resulterer det som oftest i at tilhøreren blir pådyttet fortellerens tolkning av fortellingen. Når fortelleren blir for påtrengende med egne kommentarer og utvidelser, trekker han tilhøreren ut av fortellingen, og identifikasjonen med fortellingens personer blir svakere.» (Mogstad 1990: 122)

Dei bibelske forteljingane er nesten utan unnatak opne, peika Mogstad på. Dei fortel ikkje kva dei bibelske personane føler i ulike situasjonar, berre kva dei seier og gjer. Difor kan lesaren gå inn i forteljinga med alle sansar opne og både høyre og sjå alt som skjer. Så kan lesaren sjølv reagere på det som blir sagt og gjort, utan å vera styrt av ein forteljar.

«Bruken av personal teknikk og synlig tredjepersonsforteller i gjenfortellingen av bibelfortellinger har lett for å føre til en moralisering eller historisering av fortellingen. (...) En skal være oppmerksom på i hvor liten grad bibelfortellingene er bygd opp med slike teknikker. Nettopp derfor åpner de da også opp for at

tilhøreren kan lese inn sine perspektiv» (Mogstad 1990: 131)

Ei bibeltekst som er lukka, vil fortelja lesaren kva dei bibelske personane tenkjer og føler. Difor blir lesaren styrt og kan ikkje lenger gjera seg opp si eiga meining om det som skjer. Denne typen lukka bibeltekster finn vi i mange nyare barnebiblar, peika Mogstad på, der historiene blir gjenfortalde med mange kommentarar og tolkingar frå utgjevaren. I boka si brukar Mogstad mange eksemplar frå Anne de Vries' barnebibel, som Astri Ramsfjell analyserte i 1988, men kritikken hans rårar også mange andre barnebøker og -biblar.

«Fortelleren gjør (...) bruk av egne kommentarer og refleksjoner henvendt til leseren/tilhøreren. Dette medfører at tilhøreren vil oppleve fortellingen slik som fortelleren gjør det. Tolkningen av fortellingen er gitt på forhånd. Fortellingen er blitt en lukket fortelling.» (Mogstad 1990: 128)

Idealet for ei bibelforteljing er å vera like open som bibelteksta, ifølgje Mogstad. Sett mot denne bakgrunnen er det viktig å vera klar over kva ein gjer med teksta når ein teiknar henne. Eg bind opplevinga av teksta når eg teiknar henne, det er det ingen tvil om. Difor er det viktig å teikne så enkelt og «ope» som mogleg. Klesdrakta bør vera enkel, det same bør landskapet – noko anna har eg heller ikkje tid til å teikne. Den krevjande situasjonen gjer at formidlaren har meir enn nok med å fortelja ein enkel variant av den bibelske forteljinga.

Ubhaget ved å framstille Jesus er ikkje spesielt for teikneandakter. Kritikken om at ein bind forståinga til tilhøraren, kan i ytste konsekvens rette seg mot alle former for forkynning, også den som skjer berre med ord. Men denne drøftinga går ut over ramma for denne artikkelen.

KONKLUSJON

Det er mange fordelar med å bruke teikning i formidling av bibeltekster, men òg utfordringar. Den største utfordringa er etter mitt skjønn korleis ein skal framstille Jesus, og utfordringane ved å gjera dette på direkten, slik eg gjer det. Eg har difor valt å konsentrere meg om tekster der eg står friare til å framstille personane, som i likningane Jesus fortalde. Eg kjem også i framtida til å teikne bibelhistorier, for eg opplever at tilhøyrarane set pris på denne måten å kommunisere på.

LITTERATUR

- Mogstad, Sverre Dag. 1990. *Fag og forteljing. Didaktikk til kristendomsundervisningen*. Oslo: Universitetsforlaget
- Østrem, Solveig. 2007. «Barns subjektskaping og det betydningsfulle tredje leddet» i *Prismet* 3/2007. s. 143–160